



Adressatar etter liste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ove Midtbø, 5764 3176

Til uttale - Stryn kommune - søknad om utviding av periode som typisk turiststad – 1.april til 15.november

Statsforvaltaren har motteke ein søknad frå Stryn kommune datert 19.01.2022 om å få utvida perioden for godkjenning av Stryn kommune som typisk turiststad. I dag har kommunen godkjent status som typisk turiststad i perioden 15.mai til 15.september ved forskrift 17.04.2021¹.

Stryn kommune søker om å få utvide perioden som typisk turiststad frå 1.april til 15.november.

Heimelen for å endre forskrifta er lov av 24. februar 1995 nr. 12 om helligdagar og helligdagsfred § 5 sjetle ledd. Etter denne føresegna kan Statsforvaltaren ved forskrift avgjere om eit område skal reknast som typisk turiststad for heile eller delar av året. Som typisk turiststad kan berre reknast område der salet i dei aktuelle periodane hovudsakleg skjer til turistar.

Ei slik forskrift vil føre til at alle butikkane i området i den omsøkte perioden automatisk kan halde oppe alle dagar, også på søndagar og helligdagar.

I vedlegg til søknaden er det mellom anna lagt ved dokumentasjon på overnattingar, trafikkdata og omsetnadstal som grunnlag for vurderinga av om perioden som typisk turiststad kan utvidast utover allereie godkjende periode.

Vi ber om at eventuelle merknader til søknaden vert sendt til Statsforvaltaren **innan fredag 4.mars 2022**.

Avslutningsvis ber vi Stryn kommune om å vurdere om dette brevet også skal sendast til andre lokale høyringsinstansar i kommunen som ikkje går fram av adresselista, og eventuelt vidaresende brevet til desse instansane.

¹ <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2001-04-17-400?q=stryn%20typisk%20turiststad>



Med helsing

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Ove Midtbø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Søknad frå Stryn kommune 19.01.2022 m/vedlegg

Kopi til:

NHO TRANSPORT VESTLAND	c/o NHO Hordaland Postboks 694 Sentrum	5807	BERGEN
VEST POLITIDISTRIKT v/Stryn politistasjon	Postboks 85	6901	FLORØ
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
HANDEL OG KONTOR I NORGE REGION VEST	Lars Hilles gate 19	5008	BERGEN
STRYN KYRKJELEGE FELLESRÅD	2 etg Rognehaugen 11	6783	STRYN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN